



Dei politiske partia i Bergen og Hordaland
v/førstekandidatane ved valet 2003

SAMLOKALISERING AV HØGSKOLEN I BERGEN SIKRING AV VIDARE FINANSIERING OG FRAMDRIFT

Vi viser til arbeidet omkring samlokalisering av Høgskolen i Bergen, der høgskolen har fått omfattande støtte frå politikarane i Bergen og Hordaland.

Dette arbeidet er no inne i ein avgjerande fase, spesielt med tanke på nødvendig finansiering. Vi ynskjer difor å fremja saka i samband med det komande valet, og spesielt peika på kor viktig prosjektet vil vera for å betra den vanskelege arbeidsmarknaden.

Framdrift

Status er slik når det gjeld framdrifta av prosjektet:

1. Statsbygg har kjøpt tomten (71 mål), og skal ha ansvaret for byggjeprojektet. I tillegg til høgskolebygget er det på tomten plass til ulike utdanningsrelaterte tiltak, t.d. studentbustader, studentbarnehage, symjehall med 50 meters bane, idrettshall, nærings- og forskingspark, kontor og parkeringshus. Når det gjeld fleire av desse tiltaka, ligg det til rette for samarbeid om gjennomføring og finansiering mellom departement, Statsbygg, Høgskolen i Bergen, Studentsamskipnaden i Bergen, Bergen kommune, den aktuelle bydelen, Hordaland fylkeskommune og næringslivet i Bergen og Hordaland.
2. Det er utarbeidd funksjons- og byggjeprogram for prosjektet.
3. Det skal hausten 2003 gjennomførast prosjektkonkurranse med avgjerd i januar 2004. Naturleg nok vert det lagt hovudvekt på høgskoledelen av tomten, men også bruken av den resterande delen (ca 25 mål) skal vera med i konkurransen.
4. Neste fase er gjennomføring av eit forprosjekt (2004-05), som er obligatorisk i slike store byggjeprojekt.

Finansiering

Departementet/Statsbygg har finansiert tiltaka i punkt 1-2, medan høgskolen har finansiert prosjektkonkurransen (jf punkt 3 ovanfor). Til vanleg er dette tiltaket også finansiert av departementet/Statsbygg.

Pr i dag er det ikkje midlar til finansiering av forprosjektet (punkt 4). Vi ventar heller ikkje at departementet legg slike midlar inn i budsjettframlegget for 2004. Dette inneber at det vil vera politikarane som sikrar desse midlane gjennom budsjettbehandlinga i Stortinget no til hausten. Skal dette lukkast, må arbeidet starta i dei politiske partia i Bergen og Hordaland. Og det er naturleg at her vil dei ulike toppkandidatane ha det største ansvaret.

Vi viser til dette, og vonar at dei politiske partia i Bergen og Hordaland vil gjera alt dei kan for å medverka til at prosjektet ikkje stoppar opp på grunn av manglande finansiering. Eit ferdig høgskolebygg vil ikkje berre vera ein nødvendig føresetnad for vidare utvikling av Høgskolen i Bergen, det vil også innebera eit løft for kommunen, regionen og næringslivet.

Høgskoledirektør Nils Mæhle kan svara på eventuelle spørsmål og gje nærare informasjon.

Med helsing

Eli Bergsvik
rektor

Nils Mæhle
høgskoledirektør

Kopi: Utdannings- og forskingsdepartementet
Statsbygg
Bergen kommune
Årstad bydel
Hordaland fylkeskommune
Bergen Næringsråd
Næringslivets Hovedorganisasjon Hordaland
LO i Bergen og Omegn